

Utdanningsdirektoratet føreset tydelegvis at alle vidaregåande skular har like utviklingsorienterte og nynorskvenlege lærarar som Fana og Kongsbakken, som gjev god undervisning også i nynorsk sidemål. Kan dei syne til forskning som dokumenterer dette?

# Verdilaus forskning om éin karakter i norsk

## NORSKFAGET

Oddmund Løkensgard Hoel, førsteamanuensis i historie, Avdeling for samfunnsfag, Høgskulen i Sogn og Fjordane, tidlegare leiar i Noregs Mållag



Det kjem til å stå ein hard kulturpolitisk kamp om norsk-karakterane dei neste månadene. Utdanningsdirektoratet (Udir) la 2.10. fram utkast til revidert læreplan i norsk, utarbeidd på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Det mest omstridde spørsmålet er om talet på karakterar i norsk skal reduserast på ungdomssteget og i den vidaregåande skulen slik at skriftleg sidemål ikkje lenger har eigen karakter.

Dei som i dag tek studieførebuaende utdanningsprogram i vidaregåande, får tre karakterar i norsk (hovudmål, sidemål og munnleg). Udir ønskjer no å redusere dette til to: éin i munnleg og éin skriftleg. Frå lærarhald har det vore klaga over at mykje tid går med til å skaffe vurderingsgrunnlag til tre karakterar. Frå nynorsk hald har det på hi sida vore uttrykt sterk uro for at det å fjerne ein separat karakter i sidemål vil føre til mindre og dårlegare undervisning i nynorsk sidemål.

### Berre ein rapport

Ei veke før læreplanutkastet offentliggjorde Udir den einaste forskingsrapporten som så langt er laga om forsøk med éin karakter i norsk i vidaregåande skule. Sju skular har gjennomført slike forsøk dei siste åra, og forsøka ved Fana gymnas og Kongsbakken vidaregåande skule i Tromsø er evaluerte i rapporten «Fra karakterjag til læring – fra dommer til trener» frå Nordlandsforskning (jf. BT 3.10.). Rapporten har alt byrja å spele ei viktig rolle i ordskiftet om norskfaget.

Søknadene frå dei to skulane hadde som utgangspunkt at for mykje tid i norskfaget går med til vurdering. Evalueringsrapporten konkluderer med at både lærarar og elevar ved dei to skulane jamt over er positive til éin karakter i norsk, og det mest vesentlege er at «Skriveopplæring er bedret, og lærerne mener de nå får tid til å jobbe prosessrettet og følge elevenes skriveprosess på en bedre måte.» Også undervegs har forsøksskulane formidla til allmenta at dette har vore ein suksess.

### Kva skuldast kva?

Det har stått sentralt i forsøka å leggje om norskundervisninga til nye og meir varierte arbeidsmåtar og betre oppfølging undervegs. Det fyrste spørsmålet som då burde stillast i ei evaluering, er kor langt dei gode resultatane kan forklarast med reduksjon i talet på karakterar, og kor mykje som kan forklarast med ei omlegging av undervisninga som like gjerne kunne vore gjort innanfor dagens ordning med tre karakterar. Dette er ein effektstudie, og då er det



**BRA FOR NYNORSKEN?:** Elevar og lærarar ved Fana gymnas (på biletet Petter Stene Pettersen, Sofie Galtung Døsvik og lærar Lisbeth Norendal) meiner ein karakter i norsk styrker nynorsken. Oddmund Løkensgard Hoel meiner forskingsresultata frå Fana og Kongsbakken ikkje held mål. ARKIVFOTO: EIRIK BREKKE

heilt avgjerande å isolere dei ulike faktorane for å vurdere kven som har effekt.

Den problemstillinga glimrar med fråværet både i evalueringsoppdraget frå Udir, i intervjuguiden nytta i evalueringa og i rapporten. Me finn ingen freistnader på å vurdere kva den eine faktoren, reduksjon frå tre til éin karakterar, har å seie, men finn berre vurderingar av kva alle faktorar til saman har hatt å seie. Me finn ikkje ein gong opplysningar om kor mykje tid som går til vurdering med tre eller éin karakter, eller kva lærarane gjorde før og etter.

### Mikrofonstativ

Ein må gå til andre kjelder enn rapporten for å finne ut kva skilnadene er i praksis. Tre karakterar føreset at det kvart halvår vert gjevne delkarakterar på to skriftlege arbeid i hovudmål, to i sidemål, ein munnleg presentasjon og ei kunnskapsprøve. I forsøket med éin karakter vart dette redusert frå fire til to skriftlege arbeid pr. halvår, altså frå seks til fire delkarakterar totalt. Rapporten sannsynleggjer ikkje på noko vis at denne endringa kan forklare alt det positive som har skjedd med norskundervisninga på forsøksskulane.

Evalueringa byggjer i all hovudsak på eigenrapportering frå lærarane som var med på forsøket og gjer knapt freistnader på å gå bak lærarane sine egne generelle vurderingar. Nordlandsforskning har i denne samanhengen altså ikkje gjort

stort anna enn å vere mikrofonstativ for lærarane.

### Umogeleg jobb

Den som skulle gjere evalueringa, har i praksis hatt ein umogeleg jobb. Det var grunnen til at to forskingsinstitusjonar sa nei til å utføre evalueringa. Universitetet i Bergen og NIFU gav uavhengig av kvarandre temmeleg likelydande grunngevingar for kvifor det var fagleg uforsvarleg å ta på seg evalueringsoppdraget: Sidan forsøka var i gang, var det ikkje mogleg å gjere ei før-gransking av haldningane og skrivedugleikane til forsøkslevarane som kunne haldast opp mot effekten av forsøket gjennom ei etter-gransking. Det var heller ikkje mogleg å etablere ei kontrollgruppe av elevar som ikkje var med på forsøka for å vurdere effekten.

To av dei mest grunnleggjande samfunnsvitenskaplege metodekrava var altså umogeleg å oppfylle. Som NIFU skreiv til Udir 26.10.11: «Vi har vanskelig for å ta på seg dette og som kan gjere det på en faglig forsvarlig måte.»

Rapporten demonstrerer ufriviljug alle metodeproblema som UiB og NIFU skildra i avslagsbrev sine. I rapporten er heller ingen refleksjon kring metodeproblem som mangelen på kontrollgrupper, mangelen på før-dokumentasjon eller det at evalueringa hovudsakleg byggjer på intervju med lærarar som hadde bestemt seg for at éin karakter var ein god idé alt før forsøket byrja. Rapporten funderer heller ikkje på kva

## fakta

### éin karakter i norsk

- Det er tre karakterar i norsk på studieførebuaende utdanningsprogram i den vidaregåande skulen: to skriftlege (hovudmål og sidemål) og ein munnleg.
- Fana gymnas starta forsøk med ein karakter i norsk hausten 2009. Kongsbakken-forsøket følgde året etter, og forsøka vert avslutta våren 2013.
- Ein fersk rapport frå Nordlandsforskning påviser positive resultat frå forsøka.
- Forsøka og evalueringa er kritisert for manglande faglegheit.
- Revidert læreplan og vurderingssystemet i norsk skal ut på høyring, og endringar skal tre i kraft frå hausten 2013.
- I BT 9.10. skreiv norskklærar ved Kongsbakken vidaregåande skule, Odd Gaare, ein kronikk der han forsvarte forsøket.

det har hatt å seie for læringa i nynorsk sidemål i Vg1 og Vg2 at elevane heile vegen har visst at dei ville få tre karakterar når dei kom i Vg3.

### Ingen hemningar

Utviklingsarbeid i skulen er mest alltid av det gode, og norskklærarane har ei høgst legitim røyst i diskusjonen om korleis norskfaget skal sjå ut, jamvel om det spring ut av ynske om å arbeide mindre. Det er verre at det einaste forskingsarbeidet som no gjer seg gjeldande i ordskiftet om å fjerne eigen karakter i sidemål, er så skrøpeleg.

Og det er ekstra ille at Utdanningsdirektoratet, som har tinga og finansierte evalueringssrapporten, no går god for han og ikkje har hemningar mot å nytte han. Med tilvising til rapporten konstaterer Udir følgjande i høyringsnotatet: «Erfaringane på dei sju skulane stadfester (!) at det er ein samanheng (!!) mellom talet på karakterar i norskfaget og det handlingsrommet lærarane har for å følgje opp elevane i skriveopplæringa.» Det vert interessant å følgje med på korleis Kunnskapsdepartementet og Kristin Halvorsen (mis) brukar rapporten framover.

Ein av forsøkslevarane i Fana seier i BT 3.10. kva dette handlar om: «Jeg synes det har fungert bra, men det forutsetter at lærerne er flinke til å passe på at nynorsk får plass». Udir føreset tydelegvis at alle skulane er like godt utstyrte som Fana og Kongsbakken med utviklingsorienterte og nynorskvenlege lærarar som gjev god undervisning også i nynorsk sidemål. Udir har kanskje òg finansierte forskning som dokumenterer dette?

» Rapporten demonstrerer ufriviljug alle metodeproblema